

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
bankgiro 3000.20.36165
agder@historielagene.no
Mobil 458 65 237



Protokoll

Styremøte i Agder Historielag

29. mai 2018, kl 16:30-19:30

på Hornnes Landsgymnas/Setesdal vgs.

Til stades: Arna Berg, Birgit Attstog, Eilert Skjævestad, Morten Aslaksen,
Kurt Sandman, Helge Røed, Anne Tone Aaneby

Forfall: Hans Christian Lund

Vararepresentant Ragnhild Høydal var innkalla, men møtte ikkje.

Sak 18/18: **Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Samrøystes godkjent.

Sak 19/18: **Godkjenning av møtereferat frå møtet 29. mai 2018.**
Samrøystes godkjent.

Sak 20/18: **Orienteringssaker:**

- Leiaren orienterte om arbeidet den første månaden.
- Kim orienterte om utgjeving av det første magasinet Egde.
- Leiaren refererte frå konferansen 19. april om "Agder 2030 hvordan utvikler vi fremtidens region?".
- Kim orienterte om stand for AH og lokallag under Arendalsveka.

Sak 21/18: **Evaluering av årsmøtet.**

Mange var stort sett nøgde med årsmøtet. Det som kan gjerast betre er meir nøyaktig i kontakt med hotellet om klokkeslett og praktiske ting. Ein kan bli betre på planlegging så alt er klart når dei første deltakarane kjem. Deltakarliste over alle som er til stades, både delegatar og andre må ligga i årsmøtedokumenta.

Sak 22/18: **Val av arbeidsutval.**

Arbeidsutvalet har tidlegare bestått av leiar Knut Engelskjøn, nestleiar Arna Berg og styremedlem Eilert Skjævestad.

Samrøystes vedtak:

Leiar Arna Berg, nestleiar Birgit Attstoga og styremedlem Eilert Skjævestad vert vald til arbeidsutval.

- Sak 23/18: **Revisjonsmelding for 2017.**
Rekneskapet for 2017 blei godkjent på årsmøtet 28.04.18 under føresetnad av godkjenning av revisor. I brev frå Agder Kommunerevisjon av 09.05.18 er årsrekneskapet for 2017 godkjent.
Samrøystes vedtak:
Styret tek revisjonsmeldinga for 2018 til etterretning.
- Sak 24/18: **Haustmøtet 2018.**
Samrøystes vedtak:
Haustmøtet vert lagt til midten av oktober i dei nye lokala på Stiftelsen Arkivet med tema kulturarv og kulturminner. Dagleg leiar og arbeidsutvalet arbeider vidare med dette.
- Sak 25/18: **AH turen 2018 til Telemark og Vestfold 30.08 – 02.09.18.**
Det er til nå 29 påmelde og plass til fleire. Styret har ein gratis plass og den som er med tek bilete og skriv om turen i Egde.
Samrøystes vedtak:
Eilert Skjævestad og Helge Røed delar plassen slik at AH betalar 50% for kvar.
- Sak 26/18: **Magasinet Egde. Utgjevingsplan og redaksjonskomite.**
Det første Egde magasinet kom ut før ferien.
Samrøystes vedtak:
Ein planlegg eit nummer i løpet av hausten, slik at det vert 2 nummer i 2018. Til redaksjonskomite vert vald Morten Aslaksen, Kurt Sandman og Eilert Skjævestad.
- Sak 27/18: **Møteplan hausten 2018.**
Samrøystes vedtak:
20. august, 8. oktober og 26. november med møtestart kl. 16:30.

Arna Berg
Leiar